

Andreas Hompland:

SLUTTREFLEKSJON - Idretts - og friluftslivskonferansen Oslo 2017



Eg er glad for at eg ikkje har tatt på meg og oppsummera denne konferansen. Eg skal bare avrunda med noe refleksjonar eg har gjort meg undervegs.

1. HELSE

Nordmenn blir meir stillesittande og tyngre. Oslo veks raskast av alle Europas byar. Byen treng fleire boligar. Det er ein trussel mot løkker og hundremeterskogar. Ein trussel mot kortreiste friluftsaktivitetar. Særleg for barn og unge. Det kan bli eit folkehelseproblem.

2. DEMOGRAFI

Byen blir meir fleirkulturell og samansett. Stadig færre er fødde med ski eller tursko på beina. For mange er vannet farlig og Marka ukjent land og ingen naturlig integreringsarena. Ski-VM sitt forsøk på "fellesstart" var ingen suksess. Nye landsmenn held seg heller i meir siviliserte parkar.

Dette er ei alvorlig utfordring vi i den innfødde majoriteten må erkjenna. Vi som ser Markas og Fjordens muligheter og mysteriar som ein velsignelse, som ein del av livsmønsteret. Dersom bruken av dei felles

friluftsområda blir ekskluderande, vil dei tapa politisk og folkelig legitimitet og bli vanskeligare å ta vare på og verna.

3. BRUKSKONFLIKTER

Vi må ikkje ignorera kampen om prioriteringar i planlegging, tilrettelegging og finansiering. Og heller ikkje konflikt om kordan friluftsområde og meir tilrettelagde område skal brukast. Og av kven. Alle friluftsområde er ikkje treningsbanar. Dei er fellesgode.

Eit gode for den eine, kan vera til ulempe for dei andre. Mitt bud er at dei som har lyst, råd og muligheter, finn fram sjøl i jungelen av informasjon og tilbod. Det må satsast mest på mulighet for aktivitet for dei som treng det mest. (Men kall det noe anna enn "tvangsgoder"). Lågterskelttilbud, enkel og inviterande tilrettelegging for dei som har den lengste dørstokkmila og størst behov for meir aktivitet.

4. BRUK OG VERN

Marka og Fjorden skal og må vernast mot inngrep som stenger ute, og som ikkje kan gjerast om. Men vern må ikkje vera utestengande. Det beste vernet er gjennom vettig og gledekapande bruk. Å bruka marka og fjorden og friluftsområda er også å utvikla lysten til gjenbruk.

5. LIVSLØP

I ulike aldrar og livsfasar og helsetilstander har vi Oslofolk ulike behov. Ulik kapasitet. Ulik rekkevidde. Ulik bevegelighet.

Vi er små barn. Vi er unge og spreke. Vi har sjøl små barn. Vi er middelaldrande, og det er jo då mange blir høgaktive og mest gira på sine eigne utfoldelsesmuligheter - særlig menn som oppdagar at det begynner å henga både her og der. Og så blir vi aldrande og gamle. Kvar livsfase har sine gleder og plager. Og sine muligheter.

Byutvikling, fellesareal og friluftsområde må vera for folk i alle livsfaser. Samtidig, og gjennom livsløpet, for husk at vi alle skal gjennom alle fasane. Vi møter oss sjøl i andre delar av våre eigne livsløp.

6. UENIGHETSFELLESSKAP

Det er konflikt, spenningar og dilemma på det feltet dagens konferanse har handla om. Mellom ulike grupper. Mellom ulike aktivitetar. Mellom organisert og uorganisert/egenorganisert. Mellom privat, offentlig og frivillig. Mellom politisk posisjon og opposisjon.

Det fine med sånne konferansar er at dei er ein arena for samtale, samarbeid og enighet, men også for uenighet mellom fleire partar som møtest og kan diskutera fells mål og ulike løysingar.

Eit uenighetsfellesskap. Men med gjensidig respekt og tillit. Det er jo det som er noe av det finaste med den norske samfunnsmodellen. Og i dag altså: Oslo-modellen.